



SAKSHANDSAMAR
Line Bårdseng
Beate Strøm

VÅR REF.
20/12551-13

DYKKAR REF.
2024/35577-29

VÅR DATO
07.03.2025

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

DYKKAR DATO

Luster kommune
Postboks 77
6868 GAUPNE

Offentleg ettersyn av kommuneplan for Luster kommune - motsegn

Riksantikvaren syner til oversending frå Vestland fylkeskommune av 01.11.24 med forslag til Kommuneplanen sin arealdel 2024-2036 for Luster kommune. Saka er sendt over for vurdering av motsegn på sjølvstendig grunnlag i samsvar med underrettingsplikta innan kulturmiljøforvaltinga, jf. § 7 i *Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven* då faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av vesentlege regionale og nasjonale kulturminneinteresser ikkje vart følgt opp av fylkesutvalet i møte 22.10.24.

Riksantikvaren var på synfaring den 27.1.25 med Luster kommune, Vestland fylkeskommune, Solvorn båtlag og grunneigar.

Strandsitjarstaden Solvorn er eit viktig kulturmiljø i nasjonal samanheng. Plassen er vidare innfallsport til verdsarven, er rekna som oppsluttande verdi og som del av nærsona til verdsarven. KULA-området, Lustrafjorden med Urnes, omfattar ei strekning av Lustrafjorden med landareal på begge sider, med Ornes og Solvorn som kjerneområde. Området femner heilskapen som omgjev Urnes stavkyrkje. Verdsarven Urnes stavkyrkje er representant for ein av dei mest forseggjorde tretradisjonane og trekonstruksjonane i Nord-Europa og har ei framifrå plassering i landskapet. Urnes er eit einestående døme på dei omtrent 1300 stavkyrkjene ein antar har stått rundt om i Europa, kor berre 28 finst igjen i dag, med Urnes som det fremste dømet.

Det er samspelet mellom strandsitjarstaden Solvorn, KULA-området og verdsarven Urnes stavkyrkje, med dei internasjonale forpliktingane som følgjer, som saman veg tyngre enn ei småbåthamn med parkering og veg i denne saka. Heilskapen i området må takast omsyn til slik at ein unngår stor negativ påverknad på kulturminne, kulturmiljø og landskap av nasjonal og internasjonal interesse. Riksantikvaren har forståing for at ein ynskjer småbåthamn i Lustrafjorden, men ein må finne ein annan stad enn Solvorn til dette formålet.

Riksantikvaren reiser difor motsegn mot forslag til Kommuneplanens arealdel 2024-2036 for Luster kommune når det gjeld småbåthamn i Solvorn, SH6 2024, Solvorn Hamn og P9 2024.

Riksantikvaren gjer merksam på at direktoratet berre handterer motsegn til tiltaka SH6 2024, Solvorn Hamn og P9 2024. Vestland fylkeskommune er rette myndigheit for andre deler av planen når det gjeld kulturmiljø.

Planforslaget

Kommunen legg opp til eit nytt areal for småbåthamn i Solvorn, SH6 2024, Solvorn Hamn med 70 båt plassar og parkeringsplass P9 2024. Kommunen har peikt på at om ei småbåthamn skal realiserast, må det regulerast inn veg og parkeringsplassar. Det er gjennomført ei konsekvensutgreiing.

I gjeldande plan ligg det ei småbåthamn på Neset, som ikkje er realisert og som var ei mindre hamn. Denne er teken ut i forslaget til kommuneplan som no er aktuell.

Riksantikvaren ga innspel til fylkeskommunen i samband med høyring og offentleg ettersyn av arealdelen av Luster kommune sin kommuneplan for 2024-2036 i fråsegn datert 16.09.24.

Kulturminne, kulturmiljø og landskap

Strandsitjarstaden Solvorn

Solvorn har ei lang historie som strandstad med busetnad tilbake til vikingtida. Staden hadde ei naturleg hamn. På 1600-talet utvikla Solvorn seg til ein tettstad, med handelsstad, skysstasjon, og etter kvart gjestgjevargard og tingstove. Det vaks fram eit strandsitjarmiljø med små, enkle husvære og uthus. Solvorn vart stadig viktigare som knutepunkt og etterkvart vart det bygd rekkjer av sjøhus på bolverk utover sjøen. I Solvorn er alle husa på sorenskrivargarden Christianelyst freda i medhald av kulturminnelova, og sjølve tettstaden er regulert til vern.

Strandsitjarstaden Solvorn har framleis har sin opphavlege kontakt med fjorden. Kulturmiljøet her inneheld ei naustrekkje mot sjøen med bolverksfundament, sjøhus og bryggje, geiler og gangstiar som er opne for fri ferdsel på kryss og tvers i strandsona, veitar og grøver med vatn som renn mellom husa med sine gamle vaskeplassar, fjøs, stove, stabbur og uthus i eit opphavleg miljø. Solvorn har ei sosial spennvidde mellom sorenskrivargarden på den eine sida, Walaker hotell på den andre sida og strandsitjarmiljøet i midten. Det er både ei stor tidsdjupn og variasjon på bygningar og strukturar, og Solvorn har framleis dei allmenne strukturane for bydanning i mellomalderen.

Luster kommune vedtok 22.06.23 *Kommunedelplan for buffersona til Urnes stavkyrkje*.

Som det står i *Framlegg til buffersone for verdsarven Urnes stavkyrkje*, har Solvorn "ein historisk og kulturell samanheng med stavkyrkja og er i dag den viktigaste innfallsporten for besøkande til Urnes stavkyrkje. Det er spor etter lang tids bruk av området. Strandsitjarmiljøet i Solvorn er eit døme på tidleg tettstadsutvikling på Vestlandet, slik arkeologane tenkjer seg at td. tettstaden i Bjørgvin såg ut før bydanninga. Kyrkjestaden er samtidig med den på Ornes, og det er siktelinjer mellom desse. Kaien i Solvorn syner til fjorden som hovudferdselsåre og den lange tradisjonen med kontakt mellom Solvorn og Ornes".

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

Lustrafjorden med Urnes i Luster kommune er valt ut som eitt av områda i Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). KULA er ei oversikt og eit kunnskapsgrunnlag som skal sikre berekraftig forvaltning av kulturmiljø i byar og tettstadar og i landskap av nasjonal interesse. Områda som er peika ut som nasjonalt interessante område, skal saman syne mangfaldet i historia. Valet av området skal medverke til god og berekraftig forvaltning.

KULA-området omfattar ei strekning av Lustrafjorden med landareal på begge sider, med Ornes og Solvorn som kjerneområde. På Ornes ligg verdsarvstaden Urnes stavkyrkje og KULA-området femner heilskapen som omgjev stavkyrkja. Rundt Solvorn er det eit aktivt jordbrukslandskap med eldre gardstun som er teke godt vare på.

I KULA-rapporten står det: "Det storslegne fjordlandskapet rundt verdsarvstaden Urnes stavkyrkje bidreg til opplevinga av stavkyrkja og gjev ei betre forståing av den samanhengen ho var ein del av. Gardsdrifta og ferdselen på fjorden har vore avgjerande for velstand og en maktkonsentrasjon som gjorde at ein allereie på 1000-talet kunne bygge den første stavkyrkja på Ornes. Fjordlandskapet er vakkert og framleis godt bevart." Vidare står det at ved innskrivinga av Urnes stavkyrkje på Unesco si verdsarvliste i 1979, vert det i innskrivingsteksten framheva kor viktig samanhengen med landskapet rundt er.

Verdsarven Urnes stavkyrkje

For å bli innskrive på Unesco si verdsarvliste, må eit område ha natur- og/eller kulturkvalitetar som har såkalla "Outstanding Universal Value" (OUV), på norsk framifrå universell verdi. Eitt eller fleire verdikriterium må verte oppfylte, og området må møte krava om integritet (væra intakt og syne heilskap), autentisitet (væra ekte) og ha langsiktig vern og god forvaltning. Då Urnes stavkyrkje blei innskrive på Unesco si verdsarvliste i 1979, oppfylte den tre verdikriterium.

Kriterium (i) stiller krav om eit unik kunstnarisk eller estetisk meisterverk. Den utskorne dekoren på og i Urnes stavkyrkje, med element i vikingtradisjon frå 1000-talet, er eit unikt døme på ein slik eineståande kvalitet. Kriterium (ii) handlar om at eit element skal ha hatt stor påverknad over eit langt tidsrom eller innanfor eit kulturområde i verda, som til dømes på utvikling innanfor arkitektur. Stavkyrkjene er rekna for å vere dei mest velutvikla trebygningane i den vesteuropeiske kultursfæren, og var å finne i store deler av Europa. Denne tradisjonen, som nå i stor grad har gått tapt, vert ført vidare i Noreg og på Ornes. Urnes stavkyrkje kan daterast tilbake til omlag år 1130. Som ei av dei eldste stavkyrkjene i landet, og som eit eksempel på god handverksmessig utføring, er Urnes eit vitnemål på denne kunnskapen og tradisjonen på vegne av Noreg og Europa. Kriterium (iii) krev at eit kulturminne skal vere unikt, ekstremt sjeldan, eller stamme frå ei fjern fortid. At Urnes stavkyrkje er unik, vert definert gjennom den lange tradisjonen som kyrkja står i. Som representant for ein av dei mest forseggjorde tretradisjonane og -konstruksjonane i Nord-Europa, er Urnes eit vitnemål på ei fjern fortid. Som ei av 28 stavkyrkjer som framleis står i Noreg, er Urnes eit unikt døme på dei omtrent 1300 stavkyrkjene ein antar sto rundt om i Europa. Skildringane over utgjer vesentlege delar av verdsarven Urnes stavkyrkje sin framifrå universelle verdi.

Dei eldste innskrivingane på verdsarvlista hadde ikkje ei buffersone, noko det er kome krav om i ettertid. Luster kommune har svara ut dette kravet og vedtok 22.06.2023 *Kommunedelplan for buffersona til Urnes stavkyrkje*.

Då Urnes stavkyrkje vart skriva inn på verdsarvlista i 1979, var ein hovudsakeleg oppteken av enkeltobjekt, og såg mindre på samanhengen som kulturminnet står i. Med tida har dette endra seg, og den større samanhengen vert no sett på som ein vesentleg del av opplevinga og forståinga av eit kulturminne. Urnes stavkyrkje si plassering på neset, og det storslegne fjordlandskapet som omgir kyrkja, vart det tatt høgde for i den såkalla retrospektive innskrivinga vedteken av verdsarvkomiteen i 2013. I arbeidet med *Framlegg til buffersone for verdsarven Urnes stavkyrkje* nokre år seinare, blei områda og landskapet rundt stavkyrkja definert som oppsluttande verdi til verdsarven. Desse er verdiar som støtter opp om verdsarven sin framifrå universelle verdi. Med sin historiske og kulturelle samanheng med stavkyrkja, er Solvorn i dag den viktigaste innfallsporten for besøkande til Urnes stavkyrkje, og vert dermed definert som oppsluttande verdi og er del av nærsonea.

Fylkeskommunen sine faglege råd

Vestland fylkeskommune fremja forslag til motsegn til arealføremål SH6 2024 Solvorn Hamn og P9 2024 i kommuneplanen sin arealdel 2024-2036 for Luster kommune. Fylkeskommunen har vurdert at etablering av båthamn sør for den gamle strandsitjarstaden i Solvorn kan få stor negativ innverknad på eit kulturmiljø av høg regional verdi og for opplevinga knytt til Solvorn som inngangsportal til verdsarven på Ornes. Solvorn ligg i buffersona for Urnes stavkyrkje og visuelt kan utbyggingstiltak her verke forstyrrande på verdsarvverdiene. Vestland fylkeskommune skreiv vidare at motsegna ville trekkast viss arealføremålet SH6 Hamn vert tatt ut av planen, og gjeldande arealføremål LNF blei vidareført.

Den faglege tilrådinga om motsegn vart ikkje følgt opp av politiske organ i fylkeskommunen og saka vart difor sendt uavkorta til Riksantikvaren for sjølvstendig vurdering.

Vestland fylkeskommune kan reise administrativ motsegn og politisk motsegn. I denne saka har dei gjort begge deler. Det er den motsegna som vart reist politisk som er sendt over til Riksantikvaren. Dei administrative motsegna handterer fylkeskommunen sjølv.

Riksantikvaren si vurdering av saka

Strandsitjarstaden Solvorn har mange kulturhistoriske kvalitetar, stor tidsdjupn og variasjon på bygningar og struktur, og er eit viktig kulturmiljø. Den fortel ei historie om korleis folk levde og livnæra seg her heilt frå mellomalderen av, og den syner spor etter ei historie om klasseskilnader. Solvorn er òg innfallsport til verdsarven, og er rekna som oppsluttande verdi og er del av nærsonea til verdsarven.

Urnes stavkyrkje har stått i eit kulturpåverka landskap sidan den vart bygd. Landskapet har vore i stadig endring, men konstanten har vore jordbruket og det storslagne naturlandskapet. Landskapet kring Solvorn og Ornes er relativt fritt frå større inngrep, og er valt ut som eit kulturlandskap av nasjonal interesse.

Urnes stavkyrkje er ei lita kyrkje, men eit stort monument over fjern fortid både for Noreg og Nord-Europa. Verdsarven Urnes stavkyrkje er ei autentisk kjelde til utviklinga av stavbyggteknikken. På mange måtar er kyrkja "juvelen" i landskapet.

Verdsarvområda generelt i verda er under aukande press, og det er mange omsyn som må vegast mot kvarandre for å ivareta behova for vern, utvikling og berekraftig bruk. Det er satt eit høgt ambisjonsnivå for verdsarven i Noreg. Stadane skal vere fyrtårn for beste praksis innanfor natur- og kulturmiljøforvaltning, og områda skal ivaretakast på beste måte for nålevande og framtidige generasjonar.

Unesco sine retningsliner for gjennomføring av konvensjonen forpliktar forvaltningsmyndigheitene til å etablere buffersoner rundt verdsarvområda. Det har Luster kommune gjort ved å vedta kommunedelplanen *Buffersoneplan for verdsarven Urnes stavkyrkje*. Buffersoneplanen er eit fagdokument som definerer ulike buffersoner rundt verdsarven. Buffersona famnar dei kulturhistoriske elementa, landskap som er med på å styrke den historiske forståinga av verdsarven og siktliner til og frå stavkyrkja.

Buffersona skal vere ein vern mot endringar som kan svekke verdsarvverdiane. Den skal vere eit arbeidsreiskap som gjer det lettare å jobbe med verdsarv, og som gjer at verdsarven kan styrkast i større grad enn å svekkast eller bli øydelagt av endringar som ikkje er i samsvar med verdsarvverdiane.

Buffersoneplanen peiker på at tiltak som fører til store landskapsinngrep, større infrastruktur- og utbyggingstiltak, endringar i horisontlinjer, store endringar i landskapsformer og endring av gjeldande arealføremål, kan få negative konsekvensar og kome i konflikt med verdsarvverdiane.

Riksantikvaren ga innspel til fylkeskommunen i samband med høyring og offentleg ettersyn av arealdelen av Luster kommune sin kommuneplan for 2024-2036 i fråsegn dagsett 16.09.24. I fråsegna oppmoda Riksantikvaren om at ein måtte ha stor merksemd på fjernverknaden av tiltak i Urnes stavkyrkje sitt landskap.

Omsynet til verdsarv har økt dei siste åra. Det gjeld lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Alle myndighetsnivå må ta ansvar, slik at verda sin arv blir teke vare på. Luster kommune har eit særskilt ansvar for å vurdere tiltak opp mot verdsarven Urnes stavkyrkje og ta omsyn til den i planlegginga.

I *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027* står det mellom anna at:

"Regional og kommunal planlegging er viktig både for å ta vare på natur og for å legge til rette for bærekraftig verdiskaping basert på natur- og kulturressursene. Helhetlig og langsiktig planlegging er nødvendig for å unngå negativ påvirkning på naturmangfoldet og friluftslivsinteresser fra bitvis nedbygging og for å ivareta kulturmiljøet. Det er viktig at verdensarvverdiene ivaretas i henhold til forpliktelsene i verdensarvkonvensjonen, og at hensynet til verdensarvverdiene sikres gjennom helhetlig samfunns- og arealplanlegging."

Riksantikvaren si vurdering er at småbåthamn med tilhøyrande parkering og veg, ikkje lar seg foreine med dei store kulturmiljøverdiane som er i Solvorn og denne delen av landskapet i Lusterfjorden. Dette er tiltak som i sum fører til for store endringar og som er av ein storleik og karakter som kulturmiljøet etter direktoratet sitt syn ikkje toler.

Samspelet mellom strandsitjarstaden Solvorn, KULA-området og verdsarven Urnes stavkyrkje med dei internasjonale forpliktingane som følgjer, veg i denne saka tyngre enn samfunnsnytta til ei småbåthamn.

Vesentlege regionale og nasjonale interesser på miljøområdet

I T-2/16, *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis § 3.8* står det og at motsegn skal vurderast når planforslaget kjem i konflikt med: "Verdensarvområdene Bryggen i Bergen, Urnes stavkirke, Helleristningene i Alta og Struves triangelkjede". Vidare står det i § 3.9 at motsegn skal vurderast når planforslaget kjem i konflikt med: "Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA), jf. kartlag i Askeladden".

I rundskriv T-2/16 er det vist til at å ein må sjå på alternative løysningar og moglege avbøtande tiltak i samband med vurderingar. I denne saka må ein sjå etter alternativ plassering av ei småbåthamn utanfor Solvorn. Det finst etter Riksantikvaren si vurdering ikkje avbøtande tiltak som vil endre på den negative konsekvensen som ei småbåthamn med veg og parkering vil innebere for Solvorn.

Konsekvensutgreiinga

Generelt er målet at ei konsekvensutgreiing skal utgreie alle tema, inkludert verdsarv, men det må takast omsyn til dei særskilde krava om verdsarv (KUVA-metodikk). I særlege tilfelle der ein KU ikkje har utgreidd verdsarv i tilstrekkeleg grad, må det utarbeidast ei tilleggsutgreiing som fylgjer KUVA-metoden. Luster kommune har laga ei konsekvensutgreiing som har eit siste kapittel som er kalla KUVA, men denne følgjer ikkje krava for ein KU for verdsarv.

Når det gjeld konsekvensutgreiing av verdsarv seier retningslinene for gjennomføring av verdsarvkonvensjonen mellom anna dette:

"States Parties shall ensure that Environmental Impact Assessments, Heritage Impact Assessments, and/or Strategic Environmental Assessments be carried out as a pre - requisite for development projects and activities that are planned for implementation within or around a World Heritage property. These assessments should serve to identify development alternatives, as well as both potential positive and negative impacts on the Outstanding Universal Value of the property and to recommend mitigation measures against degradation or other negative impacts on the cultural or natural heritage within the property or its wider setting. This will ensure the long - term safeguarding of the Outstanding Universal Value, and the strengthening of heritage resilience to disasters and climate change." (paragraf 118bis)

Skulle det vere uvisse om verknaden av eit tiltak på verdsarvverdiane, skal verknaden sjåast som negativ. Det skal ikkje gis løyve til tiltak så lenge konsekvensane er usikre, eller om det er påvist uakseptabel konflikt med verdsarvverdiane. Det er difor avgjerande at alle konsekvensane for verdsarven blir framstilte og vurderte.

Kommunen si konsekvensutgreiing konkluderer med at ei småbåthamn ikkje vil øydelegge registrerte kulturminne, men understrekar at fleire av forslaga kan ha påverknad på opplevinga rundt kulturminne eller kulturlandskap. Til sist står det at "Nokon tiltak innafor buffersona til Urnes stavkyrkje kan påverke opplevinga av området".

Konklusjon

Strandsitjarstaden Solvorn er eit viktig kulturmiljø i nasjonal samanheng. Plassen er vidare innfallsport til verdsarven, er rekna som oppsluttande verdi og som del av nærsone til verdsarven. KULA-området, Lustrafjorden med Urnes, omfattar ei strekning av Lustrafjorden med landareal på begge sider, med Ornes og Solvorn som kjerneområde. Området femner heilskapen som omgjev Urnes stavkyrkje. Verdsarven Urnes stavkyrkje er representant for ein av dei mest forseggjorde tretradisjonane og trekonstruksjonane i Nord-Europa og har ei framifrå plassering i landskapet. Urnes er eit eineståande døme på dei omtrent 1300 stavkyrkjene ein antar har stått rundt om i Europa, kor berre 28 finst igjen i dag, med Urnes som det fremste dømet.

Det er samspelet mellom strandsitjarstaden Solvorn, KULA-området og verdsarven Urnes stavkyrkje, med dei internasjonale forpliktingane som følgjer, som saman veg tyngre enn ei småbåthamn med parkering og veg i denne saka. Heilskapen i området må takast omsyn til slik at ein unngår stor negativ påverknad på kulturminne, kulturmiljø og landskap av nasjonal og internasjonal interesse. Riksantikvaren har forståing for at ein ynskjer småbåthamn i Lustrafjorden, men ein må finne ein annan stad enn Solvorn til dette formålet.

Riksantikvaren reiser difor **motsegn** mot forslag til Kommuneplanens arealdel 2024-2036 for Luster kommune når det gjeld småbåthamn i Solvorn, SH6 2024, Solvorn Hamn og P9 2024.

Helsing

Linda Veiby
avdelingsdirektør

Kristine Johansen

Brevet er elektronisk godkjend

Kopi til: Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN